

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Gjerde skule
Møtedato: 31.05.2007 **Tid:** 17.00-21.30

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev dagsett .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 21, inkl. 5 varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Liv Berit Khadoor

Arne Jørgensen

Sture Tveit

Vidar Rolland

Idar Reistad

I staden møtte:

Jan Ove Haga

Helga Nygård

Eva Hellevang

Janne Drevsjø

Bjarne Våge

Andre som var tilstade på møtet: Leiar Byggekomiteen/einingsleiar Anne Fredriksen, leiar teknisk eining Bjarne Sverresvoll, adm.sjef Ramsli og ass.adm.sjef Våge.

Merknader: Ivar Berland var ugild i sak 10/07 og Hjørdis Tysse møtte i dene saka.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 4. juni 2007

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Helge Reistad syntes det var mykje sakspapir til ulike møte i ein konvolutt, og dermed vanskeleg å finne innkallinga til det ekstra ordinære kommunestyret.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent.

VAL AV TRE REPRESENTANTAR SOM SKAL SKRIVA UNDER MØTEPROTOKOLL:

Ordførar, Nils Gåsdaal og Helge Reistad.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Ordføraren orienterte om Jubileumsprogrammet og historisk kommunestyre i Vonheim. Ho minna om at vertskapet, kommunestyret, må melde seg på festen den 15 juni.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

| Utvalgssakstype/nr. | Arkivsaksnr. Tittel |
|----------------------------|---|
| 0010/07 | 05/00268 VAL AV UTBYGGER TIL NY BARNEHAGE PÅ GJERDE |
| 0011/07 | 07/00212 OPPTAK AV LÅN TIL NY BARNEHAGE PÅ GJERDE |
| 0012/07 | 07/00223 ROLVSVÅG VASSVERK - FINANSIERING |

0010/07

VAL AV UTBYGGER TIL NY BARNEHAGE PÅ GJERDE

Framlegg til vedtak:

Samnanger kommune vel Vestlandshus sitt utbyggingsalternativ til ny barnehage på Gjerde. Barnehagen vert bygt med 4 avdelingar i eit byggjesteg, og det skal i den vidare planlegginga leggast vekt på miljøomsyn, universell utforming og trafikktryggleik. Motteke skjønsmidlar vert nytta til å drifte dei to nye avdelingane hausten 2008.

Handsaming i møte:

Ivar Berland bad om å verte vurdert som ugild fordi han er underleverandør til Vestlandshus. Geir Markhus bad kommunestyret å vurdere om han er ugild. Han har eit nært vennskap til tilsett med leiaransvar i Blinkhus. Han meiner at han ikkje er ugild.

Ivar Berland gjekk ifrå og kommunestyret vurderte han som ugild. Hjørdis Tysse kom til i staden for Berland.

Geir Markhus gjekk i frå og kommunestyret drøfta gildskapen med heimel i KL § 40.

Eit samrøysta kommunestyre vurderte Markhus som gild.

Geir Markhus orienterte om byggekomiteen sitt arbeid.

AP v/Brigt Olav Gåsdal, sette fram følgjande framlegg;

- ”Vestlandshus vert vald som utbyggjar av den nye barnehagen, og deira modell skal nyttast som teikningsgrunnlag
- Barnehagen skal byggjast med fire avdelingar, og det skal i den vidare planlegginga leggast vekt på miljøomsyn, universell utforming og trafikktryggleik.
- Saka har ikkje vore fremja for arbeidsmiljøutvalet og Arbeidstilsynet. Det skal gjerast snarast, og det skal takast omsyn til evt. merknader frå dei.
- Vidare skal det leggast stor vekt på at romplanen vert slik at kvile- og pauserom vert store nok i høve talet på brukarar. Det same gjeld areal til leik/kvil og grovgarderobe for ungane.
- Det bør vurderast kjøkkenkrok i kvar avdeling. Alt. plassera kjøkken sentralt i bygget.
- Reinholdar må ha stort nok areal til å dekkja naudsynt trong for oppbevaring av utstyr m.m.
- Må vurdere toalett m/vask ved inngangspartia.
- Utvendig lager for uteleikar.”

Helge Reistad ba om gruppemøte og møtet vart mellombels heva.

Debatten held fram.

Olaug Øystese ba om gruppemøte og møtet vart mellombels heva.

Sigmund Dyrhovden sette fram følgjande framlegg;

Saka vert utsett. I kommunestyret den 12.06.07 vert alternativet frå Leigland Bygg A/S vurdert opp mot alternativa frå Blinkhus og Vestlandshus.

Blinkhus og Vestlandshus vert bedne om å vurdere hybridløysing på oppvarming”.

Det vart røysta over framlegget til Sigmund Dyrhovden. Framlegget vart vedteke med 11 røyster mot 10, og saka vart utsett.

Vedtak:

Saka vert utsett. I kommunestyret den 12.06.07 vert alternativet frå Leigland Bygg A/S vurdert opp mot alternativa frå Blinkhus og Vestlandshus.

Blinkhus og Vestlandshus vert bedne om å vurdera hybridløysing på oppvarming.

0011/07

OPPTAK AV LÅN TIL NY BARNEHAGE PÅ GJERDE

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune tek opp inntil 15.5 mill. i lån i Husbanken med avdragstid 20 år til bygging av ny barnehage på Gjerde. Investeringsstilskot/momskompensasjon går til frådrag på lånet.

Handsaming i møte:

Saka vart utsett.

Vedtak:

Saka vart utsett.

0012/07

ROLVSVÅG VASSVERK - FINANSIERING

Framlegg til vedtak::

Det vert teke opp lån til utbetring av vassverket i Rolvsvåg med inntil kr 4.5 mill. kroner.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Det vert teke opp lån til utbetring av vassverket i Rolvsvåg med inntil kr 4.5 mill. kroner.